

Mange gjestar og nytt kjøken

22.03.2011



Både knøtt små og vel vaksne var på kafebesøk i dag.

Cafe TI-aren har hatt einstor dag. Ikkje berre nærmar det opprusta kjøkenet seg fullføring, også gjestene har strømmen til i større tal enn dei plar gjera. Og det gjeld i høggrad både små og store, for ikke å seia knøtt små og vel vaksne.

Talet som ein lett stressa trio - Anne Gurine, Ruth og Anne Grethe - kunne oppgje til Uskedalen.no etter stengjetid var 53 vaksne og 6 barn. Det er ei stund sidan besøket var så stort og det har kanskje noko med vårlege vindar og 10 plussgrader å gjera?

Samstundes går arbeidet med opprustinga av kjøkenet raskt framover og vil trulig vera ferdig til veka. Noer den eine sida klar og det har ikke vore nødvendig å stengja kafeen under prosessen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Kjøkenet er heilt nytt, i alle fall det som kan sjåast på dette biletet.